



Arkivnr: 2018/7917-166

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Ronny Skaar

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		25.10.2018

Stadsraad Lehmkuhl: Søknad om tilleggsøyving for 2018

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har motteke søknad frå Stiftelsen Stadsraad Lehmkuhl om ekstraløyving på kr 2 millionar til vedlikehaldsprosjekt i 2018.

Stiftelsen utarbeidde i 2016 ein femårig plan for ekstraordinært vedlikehald. Dei arbeider jamnleg med å få inn midlar, både frå privat og offentleg sektor, for å kunne følgje opp denne planen.

Søkjær oppgir grunnen til denne søknaden om tilleggsøyving å vere framskyving av planlagt vedlikehald. Det har gjennom fleire år vore samarbeid mellom Forsvarets høyskole / Sjøkrigsskolen og Stiftelsen Stadsraad Lehmkuhl. Dette er eit viktig samarbeid for skipet, og det har vore usikkerheit kring vidareføringa av avtalen. Avtalen vidare kom i orden først i starten av 2018 og toktperioden for Forsvarets høyskole / Sjøkrigsskolen vart flytta i forhold til tidsrom av året som dei tidlegare hadde brukt å ha tokt. Dette inneber forandringar i forhold til oppsett vedlikehaldsplan og framskyving av vedlikehald som var planlagt i 2019 til 2018. Noko som igjen inneber høgare utgifter i 2018 enn planlagt.

Bergen kommune handsama ein liknande søknad frå Stadsraad Lehmkuhl i Tertialrapport I 20. juni. Stiftinga fekk då 2 millionar kroner frå Bergen kommune. Dette gjer tilbakebetaling av lån dei har fått tidlegare frå kommunen mindre belastande for dei i eit krevjande år.

Stiftelsen Stadsraad Lehmkuhl har 1 740 000 i ordinære driftsmidlar over HFK sitt kulturbudsjett 2018.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek saka til etterretning og ber fylkesrådmannen kome tilbake til saka i samband med framlegging av rekneskap 2018 og evt. tildeling av overskotsmidlar

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Vedlikehaldsplan for Stadsraad Lehmkuhl 2017 - 2021

Fylkesrådmannen, 31.08.2018

Stiftelsen Stadsraad Lehmkuhl fekk i 2016 utarbeidd ein femårsplan for ekstraordinært vedlikehald på seglskipet. Denne planen har ei kostnadsramme på 68,7 millionar.

Stiftinga ser på 2018 som det mest krevjande året i forhold til dette – der budsjettet ligg på 34 millionar kroner. Hordaland fylkeskommune har motteke søknad frå Stiftelsen Stadsraad Lehmkuhl om ekstraløyving på kr 2 millionar for vedlikehaldsprosjekt i 2018, i tillegg til ordinære driftsmidlar.

Stiftelsen Stadsraad Lehmkuhl har fått 1 740 000 i ordinære driftsmidlar over HFK sitt kulturbudsjett 2018.

Stiftinga grunngir sin ekstrasøknad med framskyving av vedlikehald grunna omlegging av toktperiode for Forsvarets Høyskole / Sjøkrigsskolen. Det har vore usikkerheit kring vidareføring av avtale om tokt som Stadsraad Lehmkuhl har hatt med Forsvarets Høyskole / Sjøkrigsskolen. Avtalen om dette toktet kom på plass i starten av inneverande år, og det vart då avtalt ein anna periode enn dei tidlegare har hatt.

Tidlegare har deira tokt vore frå september til desember, men i 2019 vert toktet frå januar til april. Dette fører til at vedlikehald som etter planen vart sett til starten av 2019 no må framskundast og såleis kjem på budsjett/ rekneskapen for 2018.